

---

**Fra:** Hans Inge Gloppe <Hans.Inge.Gloppe@hfk.no>  
**Sendt:** 2. april 2014 15:25  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Emne:** Breibandsutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2014  
**Vedlegg:** Breibandsutbygging - nasjonal tilskotsordning 2014.docx  
  
**Kategorier:** Grønn kategori

## **Breibandsutbygging - Nasjonal tilskotsordning 2014 - Informasjon til kommunane**

Den nye tilskotsordninga for breibandsutbygging er no open for søknader. Tilskotsordninga blir forvalta av Post- og teletilsynet (PT) i samspel med fylkeskommunane. Stønadsordninga skal finansiere utbygging av breiband i område der dei kommersielle aktørane ikkje finn det lønsamt å byggje ut breiband. Det er også mogleg å søkja om støtte til utbygging av auka breibandskapasitet i område med eit eksisterande tilbod, men der kapasiteten er låg, og det ikkje er forventa kommersiell utbygging av breiband med høg kapasitet i dei nærmaste åra.

Søknadsfristen er 6. juni 2014. Denne fristen kan bli lengd i påvente av at tilskotsordninga skal notifiserast til EFTA sitt overvakingsorgan (ESA) basert på retningslinene til EU-kommisjonen for statleg stønad til breibandsutbygging. Utlysinga av midlar skjer med etterhald om at ordninga blir godkjend av ESA.

Meir informasjon om tilskotsordninga er vedlagt. Der går det også fram kven som er kontaktpersonar dersom kommunane har spørsmål om ordninga.

Med venleg helsing

*Hans Inge Gloppe  
Spesialrådgjevar  
Hordaland fylkeskommune  
Tlf. 55 23 92 88*